# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

**Kinn kommune**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

| **Vår ref.:** | **Dykkar ref.:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| 19/49 - 3 / LILA1 | | 12.05.2019 |

**Regionale pilegrimssenter, innspel til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane**

Fellesnemnda for Nye Kinn kommune-har i sak 057/19, i møte 09.05.2019 fatta følgjande vedtak:

1. Kinn kommune går inn for at regionalt pilegrimssenter lokaliserast i Florø, og vil vere med å bidra til at dette vert eit regional senter som stetter dei kriteria som er lagt til grunn for lokaliseringa.
2. Fellesnemnda stille seg bak uttalen om regionalt pilegrimssenter om lokalisering i Florø gjeve av samarbeidspartane Kinn Kyrkje, Visit FjordKysten, Fjordysten friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Helsing

Linda Alice Myhre Larsen
prosjektkoordinator

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**
Terje Heggheim

# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-C52 |
| **JournalpostID:** | 19/262 |
| **Sakshandsamar:** | Terje Heggheim |
| **Dato:** | 07.05.2019 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 057/19 | Fellesnemnda for Nye Kinn kommune | 09.05.2019 |

## Regionale pilegrimssenter, innspel til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kinn kommune går inn for at regionalt pilegrimssenter lokaliserast i Florø, og vil vere med å bidra til at dette vert eit regional senter som stetter dei kriteria som er lagt til grunn for lokaliseringa.
2. Fellesnemnda stille seg bak uttalen om regionalt pilegrimssenter om lokalisering i Florø gjeve av samarbeidspartane Kinn Kyrkje, Visit FjordKysten, Fjordysten friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

**Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 09.05.2019:**

**Handsaming:**
Ingen merknadar som foranlediget endringsframlegg.

**Votering:**
Rådmann si tilråding samrøystes vedtatt.

**KIFN- 057/19 Vedtak:**

1. Kinn kommune går inn for at regionalt pilegrimssenter lokaliserast i Florø, og vil vere med å bidra til at dette vert eit regional senter som stetter dei kriteria som er lagt til grunn for lokaliseringa.
2. Fellesnemnda stille seg bak uttalen om regionalt pilegrimssenter om lokalisering i Florø gjeve av samarbeidspartane Kinn Kyrkje, Visit FjordKysten, Fjordysten friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

**Bakgrunn for saka:**
Kystpilegrimsleia frå Egersund til Trondheim blei offisielt opna sommaren 2018, og er ei av to godkjente St.Olavsvegar til Trondheim. Ein av forutsetningane for godkjenning var at det blei

utvikla og etablert ein driftsmodell som skal ha det operative ansvaret for leia, som samarbeidspart med NPS (Nasjonalt pilegrimssenter) når prosjektperioden utløper 31.12.19. Ein ser for seg ei driftsorganisering gjennom 4 regionale pilegrimssenter langs leia. Sogn og Fjordane fylkeskommunen har no bedt kommunane Selje/Stad og Flora/Kinn om synspunkt og vurderingar på lokalisering av regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane.

**Saksopplysningar:**
Jmf forslag til Langtidsplan for pilegrimsleden 2019-2037, ser ein for seg at eit regionalt pilegrimssenter skal:

- Ha ansvar for verksemda knytt til definerte geografiske område langs leia.
- Organiserast og virke slik at samarbeid om pilegrimssatsinga fremjast mellom kommunar, kyrkjelydar og ulike konfesjonar, næringslivsaktørar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar innanfor regionen.
- Tilsette ein person med ansvar for dagleg drift.
- Bidra til fornying og utvikling av pilegrimstradisjonen i Norge gjennom samarbeid seg i mellom, med Nasjonalt pilegrimssenter, pilegrimsprestane, pilegrimsforeningane, Den norske kyrkja og andre.

Vidare peikar langtidsplanen på fire delmål:

1. Bevare den kirkelige forankringa, fornye pilegrimstradisjonen og vere open og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur, tradisjon og motivasjon.
2. Auke bruken av pilegrimsleia til eit volum som gir grunnlag for berekraftig næringsutvikling.
3. Utvikle Pilegrimsleia skånsomt for å ivareta naturen, kulturminne og miljø best mogleg.
4. Styrke Pilegrimsleia – St. Olavsvegane til Trondheim som norsk, nordisk og europeisk kulturarv.

Fylkeskommunen og styringsgruppa for Kystpilegrimsleia ser for seg ein finansieringsmodell, der staten finansierer 60 %, og lokal finansiering er 40% fordelt regionalt/kommunalt. Eit stipulert årleg kostnad er på kr 2 mill, pr senter. DVS ei lokal finansiering på ca 0,8 mill.

Følgande kriteria vil bli lagt til grunn for lokalisering av regionalt pilegrimssenter:

- Avstand mellom sentra og geografisk dekningsområde.
- Tal nøkkelstader pr regionalt senter bør vere så likt som mogleg.
- Kvalitet som heilagmål må takast omsyn til.
- Lokalt og regionalt engasjement
- Tilgjenge/infrastruktur
- Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva.
- Kompetansemiljø/nettverk.

I Sogn og Fjordane er Kinn i Flora, Selje kloster, Gulatingstaden, Kvernsteinparken og Svanøy i Flora, nøkkelstader.

Med bakgrunn i forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel i Kinn vurderer rådmannen det som eit godt strategisk grep å sikre seg eit regionalt pilegrimssenter til Florø. Kommuneplanen sin samfunnsdel seier følgande:

- Kinn kommune skal utvikle eit heilårleg, bærekraftig og opplevingsbasert reiseliv. Det skal satsast målretta og samla på å styrke attraksjonsverdi med kysten som reisemål.
- Ein skal inngå samarbeidsavtalar med næringsliv, fylkeskommune og departementet som

sikrar kommunen tilgang til nasjonale og regionale verkemiddel for samfunnsutvikling.

- Kommunen skal legge til rette for, og vere eit bindeledd i mellom aktørar innan kreative næringar, reiseliv og kulturminne.
- Ein skal ta vare på og formidle viktige kulturminne, td. gjennom støtteordningar og ulike kulturprogram som DKS og DKSS. mm
- Kulturminna skal forvaltast som ein ressurs for og i lokalmiljøet og særleg viktige kulturminne skal sikrast gjennom omsynssoner i arealplanen.
- Kommunen skal lage Strategi for kreative næringar, reiseliv og kulturminne

Rådmannen vurderer at ei lokalisering av eit Regionalt pilegrimssenter i Florø vil kunne gi store ringverkandar for kommunen og kystregionen samla sett. Ein vil her kunne nytte seg av eksisterande strukturar og samarbeidspartar, som har lang tradisjon for samarbeid langs kysten, slik som Visit FjordKysten, Fjordane friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Eit Regionalt pilegrimssenter vil kunne fungere som ein koordinator langs leia, td gjennom koordinering av frivillige lag og organisasjonar med tilknytning til kysten, slik som Kystlaga, Turlaga og veteranbåtane våre. I samarbeid med friluftsrådet kan ein organisere drift og forvaltning av leia. Og i samarbeid med Kystmuseet og Visit Fjordkysten synleggjere og tilrettelegge for formidling langs leia.

Gulatinget og Kvernsteinparken er allereie i dag både Kystmuseet og Visit FjordKysten sine samarbeidspartar. Vidare vil ein kunne fremme dei andre kulturminna langs leia og styrke det lokale næringslivet slik som lokalmatprodusentar og lokale turoperatørar.

Eit senter i Florø vil kunne dekke område frå Fensfjorden til Selje, kanskje Herøy og spelet på Fosnavåg, avhengig av kor dei andre regionale pilegrimssentra blir lagt.

**Vurderingar:**
« »

**Økonomiske konsekvensar**:
Drifta av eit regionalt pilegrimssenter er estimert til kr 2 mill. årleg. Av desse vil Nasjonalt pilegrimssenter arbeide for ei statleg finansiering på 60 %. Fylkeskommunen antyder ei lokal deling av resterande 40%.

Dei økonomiske konsekvensane vil og vere knytt opp mot korleis ein veljer å organisere senteret. Rådmannen vil komme tilbake med ei sak om økonomiske konsekvensar og organisering dersom det blir aktuelt.

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder**:
http://nasjonaltpilegrimssenter.no/

**Vedlegg i saken:**
Innspel til sak om regionale pilegrimssenter, vedlegg til sak